

NRK vil ha berre eitt
distriktskontor per fylke

SIDE 10

**KRYSSORD?
SJØLVSAGT!**

SIDE 19

KRINGKOM

MEDLEMSBLAD FOR KRINGKASTINGSRINGEN
NUMMER 3/2019



Kort veg

– Det er den største skilnaden mellom oss og andre tv-kanalar. Det er eit veldig lite apparat som skal sveivast i gang, seier Jamel Rake i VGTV.

SIDE 6

KRINGOM

MEDLEMSBLAD
FOR KRINGKASTINGS-
RINGEN.

BLADSTYRAR
Kjartan Helleve

TRYKK
Mercur Grafisk AS

OPPLAG
900

KONTAKT
post@kringkastingsringen.no

Kringkastingsringen
Pb. 9161 Grønland
0134 Oslo

23 00 29 50


www.kringkastingsringen.no

MEDLEMSKAP
Kringkastingsringen arbeider for at NRK skal nytta minst 25 prosent nynorsk og at det skal bli meir nynorsk i alle andre radio- og fjernsynskanalar. Fleire medlemmer gjev større gjennomslag. Melder du deg inn etter 1. oktober, gjeld medlemskapen ut 2020. Du kan melda deg inn på heimesida eller ved å betala inn på kontonummer 8101 34 42517. Hugs namn og adresse. Medlemmer under 30 år betaler 150 kroner.

BLI MED!

INNHALD

foppall



INNHALD

- 3 Leiar
- 4 Nytt
- 6 Intervju: Jamel Rake
- 10 Kva skjer med distriktskontora?
- 13 Innspel: korleis måle 25 prosent?
- 14 Organisasjonsnytt
- 17 Reprise: Vesle Tigeren
- 19 Kryssord!



LEIAREN


KATHRINE NYGÅRD
kathrinekantanygaard@gmail.com

Framsnakk nynorsk, journalistar!

FOR MINORITETAR flest er det majoriteten som bestemmer kva som er rett og gale og set ein standard for normene. Baksida med å vere ein minoritet er at ein stadig må kjempe kampar som majoriteten slepp, eksempelvis må homofile vakte rettighetene sine i den store raude boka for ikkje å miste dei. Har du nokon gong høyrte om den heterofile mannen som måtte passe på at lova ikkje endra seg, så han ikkje kunne gifte seg med draumedama? Neppes. Utan samanlikning, med unntak av at både legning og språk på sett og vis er viktige identitetsmarkørar for fleire, vil eg likevel driste meg til å seie at ein minoritet er ein minoritet – og veggen til aksept og respekt er soleis den same.

EG HØYRER STADIG vekker fleire journalistar, særleg frå byane, argumentere for kvifor nynorsk ikkje er så viktig. Som om nynorsk var eit slags utdøyande fenomen som ein berre må ta omsyn til ved særskilte høve. To av dei mest utslitne argumenta er: «Dei aller fleste unge i Oslo brukar ikkje nynorsk, så kvifor skal me då skrive på eit språk dei ikkje vil lese?» og «Det kjem inn så mange stygge kommentarar når me legg ut postar med nynorsktekst». Og ja, eg har faktisk sett eit par av desse «stygge kommentarane» sjølv, for eksempel under kommentarfeltet til «nrknyheter» på Instagram. Det gjer meg trist fordi det syner at vi som journalistar ikkje er flinke nok til å bruke nynorsk i mediebildet – slik at unge blir eksponerte for begge målformer og kjende med språket.

Foto: Kari Nygård Tvilde



OM EIN GIR ETTER og lèt vere å kjempe fram nynorsk i redaksjonen på bakgrunn av kommentarar og tilbakemeldingar frå publikum, meiner eg at journalistikken sviktar språkmangfaldet fullstendig. Å gi etter for press frå majoritetar gjer at minoriteten betaler prisen, og det er å ikkje få sitt eige språk representert i mediebildet. Sjølv om det er eit redaksjonelt ansvar på topp, hadde eg ynskt at fleire journalistar tok opp kampen for nynorsken og gjekk ei ekstra mil for å tekste det éine bokmålsinnlegget på nynorsk eller å omsetje den éine bokmålsteksten til nynorsk. Om alle tek på seg dette ansvaret for å framsnakke nynorsk internt, er eg sikker på at ringverknadane er store. Det unge publikummet må bli eksponerte for nynorsk for at dei skal få ein varm og velkjend relasjon til språket, særleg unge som er våre komande journalistar og redaktørar.

Snart 25 %?

NRK er på god veg til å klara kravet om 25 prosent nynorsk i sendingane sine for første gong. Det var meldinga då kringkastingsjef **Thor Gjermund Eriksen** i september informerte Kringkastingsrådet.

– Viss NRK klarer kravet i år og i åra som kjem, viser NRK veg og blir eit godt døme for andre som må levera på nynorsk og samisk, seier **Akhtar Chaudhry**, medlem av Kringkastingsrådet, til Nynorsk pressekontor. Han trur ikkje kringkastingsjefen hadde gitt ei slik oppdatering utan å vera trygg på at kanalen kan oppfylle kravet i år.

Saman med regelmessige program for samisk ungdom, er nynorskprosenten i kanalen dei krava NRK har slite med å oppfylle. Dette er 2 av 51 krav til allmennkringkastaren frå staten. I juni kom Medietilsynet med kritikk av NRK for heller ikkje i 2018 å vera god nok på samiske ungdomsprogram og nynorsk.

– Stort sett handlar det om å ønska seg det og setja seg mål. Så enkelt og brutalt er det, seier Chaudhry. Han har eit sterkt engasjement for nynorsken, og har dei siste to åra lagt press på NRK for å strekka seg mot kravet om 25 prosent.

(NPK)



Foto: Heiko Junge / NTB scanpix / NPK



Foto: NRK

Ingen ny sesong av Heimebane på NRK

Det blir ingen sesong tre av Heimebane på NRK. Men det kan hende at ein ny sesong av TV-serien kjem på ei anna strøymeteneste i staden. Det seier produsent **Vilje Hagen** i produksjonsselskapet Motlys til Kampanje. – I dialog med NRK så ser vi på eit mogleg samarbeid med andre strøymetenester, seier Hagen. Dramasjef **Ivar Køhn** i NRK stadfestar at Motlys har foreslått ein tredje sesong for ei anna strøymeteneste. Han avviser at NRK har vore misnøgd med sjåartala. – Nei, vi har fått masse førespurnader frå folk om at dei har lyst på ein tredje sesong, så det er ikkje der det står, men vi er ein allmennkringkastar og må ha eit mangfald av tilbod, seier Køhn. (NPK)

Heider til Eide

– I lang tid gjekk eg rundt og ynskte eg var ein liten gut, og no fekk eg bli Storegut, jubla **Linda Eide** under utdelinga av prisen på Litteraturdagane i Vinje.

– Ho stråler ut noko folkeleg og jordnært, er lite sjølvhøgtideleg, men samstundes med ein integritet, noko verdig som alltid synest vera med henne, sa juryleiar **Stein Versto**. Han streka under at Eide er kompromisslaus i saker ho ser som viktige, ikkje minst når det gjeld språk. Storegutprisen for god bruk av nynorsk har vore delt ut sidan 2002. (NPK)



Nynorsk avissenter og Kjell Ove Nordeide helsar Magni Øvrebotten og Nynorsk mediesenter.

Mediesenteret 15 år!

2. september feira NRK Nynorsk mediesenter 15-årsjubileum med ei enkel markering i lunsjen. I morgensendinga til NRK Sogn og Fjordane kasta nyhende-redaktør i Nationen, **SVEIN OVE HANSLI**, og noverande fylkesmann i Viken, **VALGERD SVARSTAD HAUGLAND**, glans over feiringa. Hansli gjekk på det fyrste kullet og Haugland var kulturminister i 2004 og opna senteret. I lunsjen var noverande praktikantar og lærarar, folk frå Nynorsk avissenter og NRK Sogn og Fjordane med. I radiosendinga fortalde Haugland om då ho som kulturminister og generalforsamling for NRK i august 2002 stoppa styrevedtaket om å legge NRK Sogn og Fjordane administrativt under NRK Hordaland i Bergen. Det var ideen om Nynorsk mediesenter som var halmstrået, elles hadde ho ikkje kunna gjere det. Svarstad Haugland sa at ho hadde følgd med på arbeidet til NRK Nynorsk

mediesenter desse 15 åra, og at ho er både stolt og glad for at det har lukkast så godt. **MAGNI ØVREBOTTEN** gav forsamlinga eit kort tilbakeblikk om korleis Nynorsk mediesenter vart til og kor avhengige NRK Sogn og Fjordane og NRK Nynorsk mediesenter er av kvarandre. – Vi må ha ein aktiv og god nyhenderedaksjon her i Førde, med sendingar på alle plattformer, elles fell botn ut av mediesenteret. Nyhenderedaksjonen og sendingane er sjølve grunnvollen i opplæringa og praksisen i NRK Nynorsk mediesenter. For mange nynorskpraktikantar er det også ei «ein gong i livet»-oppleving å vere i eit område der nynorsk er det sjølvsgade språket, som vert brukt til alt. Fleire har sagt at dei dreg herifrå rakare i ryggen enn då dei kom, og vi treng rakrygga nynorskbrukarar i journalistikken, sa Øvrebotten.

(NRK Nynorsk mediesenter)

Meir stas

– Det er frykteleg stas! **Arianrhod Engebø** vart kåra til Årets unge radioprofil på Radiodagane 2019. – Det blir god stemning der ho er, både i studio og som reporter. Ho har god intervjuteknikk og viser at ho elsker radio og radiofaget, sa juryen. – Først vil eg takket Nynorsk mediesenter, som er grunnen til at eg kan stå her i dag, sa Arianrhod Engebø då ho takka for prisen. Ho var nynorskpraktikant i 2017/18 og hadde praksis i NRK P3 på Tyholt, der ho no er programleiar for sitt eige program «Arian». – Det er P3 som er grunnen til at eg ville byrje i radio. Difor er det ei stor ære å ta mot ein pris og jobbe saman med dei flinke folka der, sa Arianrhod Engebø i takketalen sin.

P3morgen-trioen takkar for seg til jul

NRKs populære radioprogram P3morgen rundar av ved juletider. Fredag 20. desember har Ronny, Silje og Markus den siste sendinga si. **Ronny Brede Aase** har sete ti år i programleiarstolen. Silje Nordnes var utegående reporter i ei årrekke før ho vart ein av programleiarane, og det same gjeld for Markus Neby. – Det er ei tid for alt, seier **Mats Borch Bugge**, redaksjonsleiar for radio og podkast i NRK P3 Oslo. (NPK)

Rake vegen

– Etter to veker var det ingen som hugsa at eg var der på prøve. Eg var han fyren som alltid kunne jobba og som tok alle vakter han fekk, fortel Jamel Rake i VGTV.

Eg skal skriva meg inn som besø-kande i VG-huset og gjer ein feil som illustrerer kva utvikling mediehuset har vore gjennom. På ein iPad i resepsjonen må eg finna fram selskapet eg skal vitja, og det er over eit titals selskap i bygget. Eg vel VG og prøver å finna fram til Jamel Rake. Men eg finn ikkje namnet hans. Eg sjekkar jukselappen min, kan henda eg skriv namnet hans feil, men nei, eg hugsar det rett. Til slutt må eg senda han ein SMS og spørja om hjelp. «Har du prøvd å trykkja deg inn på VGTV og søkt på Rake?» VGTV! Eg skjemst. Det er jo difor eg er her.

VG var tidleg ute med å satsa på nett, og VG Nett vart fort den største nettavisa i Noreg. Den posisjonen har dei berre styrkt, og dei har no i underkant av to millionar lesarar. Difor er det ikkje overraskande at dei også var først ute med å prøva seg med nett-TV. Frå 2007 var VGTV ein del av VG Nett, frå 2014 har det vore ei reint dotterselskap av VG.

Jamel Rake kjem hinkande på krykker. Han slit med ein klassisk vaksne-menn-som-speler-fotball-på-kveldstid-skade. Rake har vore med heile vegen av TV-satsinga i VG.

TIDLEG PÅ NETT

– Historia mi er heilt typisk, fortel Jamel Rake.

– Eg kom til VG i 2005. Eg hadde akkurat starta på næringslivsjournalistikk på BI, snittet på 2,8 frå vidaregåande var ikkje godt nok til å koma inn på den verkelege journalistikkutdanninga. Men eg hadde levert nokre fotografi til VG av hestar som gjekk amok i Nordfjord og ras og slikt. Så eg masa meg til å koma inn og prøva meg nokre veker, og til slutt var det ingen hugsa korleis eg kom meg innanfor døra. Eg var han fyren som alltid kunne jobba og som tok alle vakter han fekk, fortel Rake.

Etter eit års tid vart han flytta over på VG Nett. Der var dei nett byrja med nett-TV, men i mykje mindre målstock. Tidlegare var dei berre ei handfull personar, medan det no er relativt store redaksjonar både på program, nyhende og sport. Rake starta tv-karrieren med nokre innslag om fotball. I 2008 laga dei eit eige fotballmagasin som dei var svært nøgde med. «I ettertid ser det derimot ganske ille ut.» Det heldt på eit års tid, men programmet vart ikkje nokon suksess. Då dei prøvde seg på nytt i 2011, gjekk det betre.

JAMEL RAKE
Veteran på
VGTV



(Foto: Kataran Helleve)



Skilt ut som eige dotterselskap av VG i 2014.

Omsette for 116,2 millionar i 2018.

Har om lag 60 tilsette.

Har sidan 2014 også sendt på ordinær TV via Canal Digital, Get og Altibox.

Mellom dei mest populære programma er *Spårtsklubben*, *Foppall* og *Harm og Hegseth*

Mest sett er innslaga frå nyhende-redaksjonen.



F.v. Jamel Rake, Bernt Hulsker og Kjetil Rekdal (Foto:VGTV)

– Me fann forma, fortel Rake.
– Me kunne ikkje gjera som dei andre og satsa på fagleg alvor. Men me fekk til ei blanding av alvor og humor, og utan å bikka heilt over i komedien. Det fungerte, og det er nøkkelen til *Foppall*.

FOPPALL

Programmet er eit slags talkshow der Rake saman med gjester diskuterer kampar og spelarar, vurderer gode prestasjonar og ikkje fullt så gode prestasjonar. I det siste har dei også laga mindre seriar.

– Me får stort sett halda på. Me har ansvaret sjølve, så kan me berre skulda oss sjølve. Heldigvis arbeider eg med folk er flinkare enn meg, og dei seier i frå om framlegga mine blir heilt idiotiske. Men stort sett er det kort veg frå idé til gjennomføring. Det er kan henda den største skilnaden mellom oss og andre tv-kanalar. Det er eit veldig lite apparat som skal sveivast i gang. Me kan sitja på eit møte og seia «hadde ikkje det vore morosamt?», ringja Bernt og Kjetil, og så seier dei som regel ja, fortel Rake.

Bernt Hulsker spelte tidlegare for mellom anna Molde og Start, før han la opp i 2010. Kjetil Rekdal har også ein lang spelarkarriere, med m.a. 83 landskampar. I tillegg har han vore trenar i ei lang rekkje klubbar. Hulsker er fast gjest i *Foppall*, Rekdal mellom dei mest nytta gjestene.

– Bernt var inne som gjest ein gong, og det

var då me oppdaga kor hysterisk morosam han er. «Han må jo koma inn her for godt», tenkte me, og sidan har han jo blitt. Det er jo litt elsk eller hat med han, men enn så lenge kjem han ned på plussida. Rekdal var innom i samband med eit meisterskap. Han er også morosam, men på sin måte, og i små dosar. Han er med på alt.

– *Han ser i grunnen litt sur ut?*

– Ja, det er kan henda inntrykket folk sit med. Det har vel noko med stilen hans å gjera, og han har jo alltid vore ein leiar. Men eg vil hevda at han er alt anna enn sur, han er eit komisk menneske, og han har ein utruleg herleg latter når han først ler. Det er hundre prosent ekte.

SAMS HUMOR

– *Er det tilfeldig at programmet har blitt ein møredialektfestival?*

– Ja, det er for så vidt det. Me har jo i det siste fått inn yngre krefter frå austlandet gjennom Kasper Foss, så det er nok på slump. Men når det er sagt, så trur eg folk som kjem frå same sida av landet, anten dei vil eller ikkje, har eit slags band. Ein greier å setja seg inn i ting som ferje, fjord, buss, fjell og vind. Det viktigaste er at dei har humør og kan by på seg sjølv. Og det kan ein i alle fall seia om Bernt og Kjetil.

– *Blir dette med språk diskutert?*
– Nei, ikkje i det heile teke. Den einaste gongen det kjem opp, er når mutter'n meiner eg «språkar» litt.

– *«Språkar»?*

– Det er det Frode Grodås gjer, når du endrar tonefallet i dialekta di. Men eg byter berre ut ord, seier eg til henne. *Haude* blir t.d. til *hode*. Eg må stundom bruka ord som folk forstår.

– *Brått er ikkje VG berre knytt til bokmål?*

– Det trur eg nok er meir tilfeldig enn noko anna. Men det er i alle fall tydeleg at det ikkje er forbode med nynorsk. Me har jo fått ein sjef som er frå andre sida av landet, ein som er meir van med det.

Men det ville vore utenkjeleg for meg å skriva ei sak på nynorsk i VG, sjølv om eg skriv og brukar det privat. Eg får det ikkje heilt til å gå opp når eg t.d. ser nrk.no siterer Rio Ferdinand på nynorsk.

– *Litt rart når du er så god til å halda på dialekta di?*

– Sant nok, men alle sakene eg las som gjorde at eg ville arbeida i VG, var på bokmål. Alle sakene eg skreiv då eg kom innom dørene, var på bokmål. Så det er berre så uvant å lesa om engelsk fotball på nynorsk. Det handlar vel om vane.

FAVORITTAR

TV-program

Program om seriemordarar på Netflix som Hulsker tipsar meg om. Eller Jakten på kjærligheten.

Radioprogram

Podkasten til Åge Skinstad

Kaffimat

Sjokoladecake. Blir heller aldri feil med Kvikk Lunsj dyppa i kaffi.

UVAN MED YRKESTITTEL

Rake fortel at programmet er tett på slik det bør vera, i alle fall nærare enn nokon gong.

– Me har laga masse fine seriar som då Bernt gjorde comeback for Start, og då Bernt og Reka trena Leirsund - eit lag i femtedivisjon. Det bryt opp at me berre sit og pratar i studioet.

– *Ville de eigentleg ha reist endå meir?*

– Har me ein idé, så reiser me. Me var jo trass alt i Vestnes i førre veke, så det er ikkje slik at me ikkje får oppleva verda. Eg sat også i baksetet på med Bernt og Reka frå Akersgata til landskamp i Stockholm, og det er også ei side av livet. Slikt gjev perspektiv.

– *Finst det nokon veg ut av denne jobben for deg? Har du ein plan B?*

– Eg spelar jo Eurojackpot aktivt, så eg har ein plan om å pensjonera meg, vera meir på Vestlandet og spela meir golf. Men før den tid blir eg nok her. Eg trur ikkje nokon andre vil ha meg.

– *Arbeider du i tv eller i avis?*

– Eg seier aldri at eg er programleiar. Eg seier eg jobbar i VGTV.

– *Og stillinga heiter?*

– Programleiar. Når eg fyller ut reiserekningar, er tittelen alltid fylt ut. Eg plar endra det til elektrikar. Eg kjem frå Libanon og Loen. Kan ikkje springa rundt og kalle meg programleiar.

KJARTAN HELLEVE

NRK vil ha eitt distriktskontor per fylke

Leiinga i NRK opnar opp om omorganiseringa i allmennkringkastaren.

Tillitsvalde i NRK har uttrykt motstand mot at det truleg blir reduksjon i talet på distriktskontor etter fylkessamanslåinga ved nyttår. No lettar NRK-leiinga på sløret om prinsippa for omorganiseringa, fortel Medier24.

Etter ei høyring i organisasjonen har leiinga kome tilbake med tre forslag til organisering: distriktskontorstrukturen skal tilpassast samfunnsutviklinga for å spegla Noreg og løysa oppdraget best mogleg, NRK skal som hovudregel ha éi organisatorisk eining per fylke, men det er opning for at ei eining har ansvar for fleire fylke, og redaktøransvaret for eininga skal vera tydeleg. Lokal redaksjonell leiing skal tilpassast behov og oppdrag.


Ved nyttår blir talet på fylke i Noreg redusert til 11. Forslaget til NRK-leiinga betyr at fleire distriktskontor blir slått saman. I dag har NRK 15 distriktskontor.

Viken, Vestland og Troms og Finnmark er dei største av dei nye fylka. Dels med store geografiske avstandar og dels med stor befolkning. Det blir òg ein ny situasjon i Vestfold og Telemark. Noko av utfordringa for NRK blir å vera til stades lokalt, samtidig som dei skal ha ein redaktør som er ansvarleg for heile det nye fylket.

KAN IKKJE HA JOURNALISTISKE BLINDSONER

Marius Lillelien, som er sjef i distriktsdivisjonen, seier at det var naudsynt å sjå på dekningsområda til distriktskontora.

– Kontora er definerte etter fylkesgrensene i dag, så det ville jo vore ulogisk at kontora skulle vera definerte etter gamle fylkesgrenser. Mange stader i Noreg er NRK det einaste mediehuset som har heile fylket som dekningsområde, og fylka får no mange nye



Slik er distriktskontora organiserte i dag. (Illustrasjon: NRK)



Marius Lillelien (Foto: Ole Kaland, NRK)

oppgåver innanfor alt frå fylkesvegar til naturvern og breibandutbygging. Det er viktig at vi har redaktørar som har ansvaret for dekninga av dei nye fylka, om ikkje, så risikerer vi at desse blir store journalistiske blindsoner. Men vi er også opptekne av å gje publikum eit meir lokalt tilbod, så vi vil behalda eit radiotilbod som er for langt mindre område mange stader.

– *Korleis trur du distriktskontora vil takla ei eventuell ny omstilling?*

– Vi har vore tydelege frå dag éin på at dette ikkje er ein kuttprosess. Kutt er éin ting, nye oppgaver noko anna. Mi erfaring gjennom mange år i NRK er at distriktskontora er dyktige på å omstilla seg, og det er eg trygg på at vi vil få til også no.

MÅ FØLGJA ETTER

– *Er denne prosessen eit framhald av innstrammingane frå 2015 og frametter, der ein sentraliserte m.a. personalsjefarbeidet?*

– Nei. Denne prosessen handlar om at vi har ambisjon om å binda landet saman gjennom grundig journalistikk og å fortelja unike historier frå heile landet. Så må vi utvikla organisasjonen til å stø denne ambisjonen i takt med viktige utviklingstrekk i dei ulike delane av landet, som t.d. strukturelle samfunnsendringar som regionreforma er eit døme på og sjølvsagt endringar i mediebruken blant publikum.

– *Har reaksjonane overraska deg?*

– Nei. Distriktskontora og tilbodet dei lagar

til publikum, er viktig for folk. Men eg opplever ikkje at vi har fått så sterke reaksjonar no. Innhaldet frå distrikt kjem til å prega TV-kvelden mykje sterkare dei neste åra enn det gjer i dag med nye sendingane frå distriktsredaksjonane 19.45 og 20.40. Og vi kjem til å halda på eit radiotilbod som mange stader er meir lokalt enn dei nye storfylka og ikkje så ulikt det vi har i dag. Så eg trur publikum vil oppleve at dei får eit betre distriktstilbod når det får sett seg, sjølv om det alltid vil koma nokre negative reaksjonar i første fase.

– *På den eine sida kan ein forstå at distriktskontora skal levera stoff til rikssendingane. Samstundes kan dette gå ut over dekkinga av heilt lokale saker. Er dette ein vrien balansegang?*

– Erfaringa med å jobba grundigare med færre saker, og det å gjera lokale saker relevante for eit nasjonalt publikum er først og fremst positiv. Det er sjølvsagt ein balansegang, men slik vi jobbar no, når sakene eit langt større publikum. Redaksjonane lagar også meir djupnejournalistikk, og vi har eit meir avklart forhold til lokalavisene enn tidlegare, seier Lillelien.

KJARTAN HELLEVE + NPK

Vurderingsanarki

Sylfest Lomheim
sylfest.lomheim@gmail.com

FÅ TALAR NYNORSK og bokmål i NRK. For å seia det illustrerande: Eivind Molde snakkar nynorsk, og Nina Owning snakkar bokmål. Dagsrevyen og Dagsnytt har påbod om normert tale, NRK-reglane krev det.

I andre program kan den einskilde medarbeidar avgjera si språkform, dialekt eller normert tale. Det er journalistens privilegium. Så fleirtalet i NRK nyttar dialekt, og fleirtalet av nordmenn (også eg) synst at dét bør reglane gje dei høve til. Dette har vore situasjonen dei siste tretti år.

Likevel offentleggjer NRK årvisst ein statistikk over fordelinga mellom bokmål og nynorsk. Korleis heng dette saman? Fordi Stortinget rundt 1970 vedtok at det skulle vera 25 prosent nynorsk og 75 prosent bokmål i NRK. (På den tida var talemålet i praksis nynorsk eller bokmål, berre unntaksvis dialekt.) Korleis er det mogeleg å laga slik statistikk i dag når alle kan høyra at dei fleste talar dialekt? Det skjer ved at ein først registrerer nynorsk- og bokmålstale, så dialektbruk. Dialektsekken vert deretter delt i to, der den eine delen går til nynorsken, den andre delen til bokmålet. Slik får NRK ein sluttprosent som består av nynorsk og bokmål. Vel og bra.


Men sjølve statistikkføringa? Den har NRK på totusentalet 'outsourca'. Det kontoret er vel då spesialistar på å vurdere talespråk? Nei, ikkje så langt eg veit. Rett nok registrerer dei på basis av retningslinjer dei har fått oversendt frå NRK. Men desse retningslinjene, sist eg hadde innsyn, var

utydelege og svakt fagleg funderte. Dei var iallfall ikkje slik som NRKs språkkonsulentar på 80-talet og 90-talet (Vinje, Gundersen, Lomheim, Sandøy) definerte dei, mellom anna gjennom månadlege språkbrev til alle tilsette. Dei som hevdar at det finst sparsamt med reglar i NRK for kva som skal reknast for dialekt eller normert tale, har ikkje følgt med i timen, som det heiter.

Mange skjønar nok at om ein alt i utgangspunktet fører ein del dialektbruk (f. eks. frå Vestlandet) beint opp som nynorsk, vert det straks lettare å nærma seg 25 prosent nynorsk. (Det er ikkje uvanleg å oppfatta dialektbruk som nynorsk.) Men det skal vera – og er – prinsipielle skilje mellom dialekt og normert tale. I nynorsk tale bør såleis endingar i substantiv og verb uttalast. Å ikkje uttala r-endinga i kvinner strevar og karar kviler bryt med normert nynorsk tale; hovud uttalt som /håve/ er dialekt, /manj/ er dialekt, /mann/ er det ikkje. Og så vidare.

Eg har ei kjensle av at det er lite av prinsipielle føringar for statistikkføringa. I så fall vert det i praksis eit vurderingsanarki som avgjer kva som vert rekna for normert tale i NRK. Men slik vert det når eit byrå utanfor NRK står for statistikken over kva som er dialekt eller nynorsk/bokmål, viss ikkje den daglege registreringa skjer på basis av kvalifisert fagleg tilsyn. Kanskje er NRKs offentlege målstatistikk upåliteleg og misvisande? Dét er ingen kulturpolitisk bagatell, og det var ikkje dét Stortinget såg føre seg då dei innførte språkstatistikk i NRK.

Teksten har tidlegare stått på trykk i Klassekampen.



PRESSEMELDING I:

NRK

– ein kringkastar for heile Noreg

– Når NRK no vil slå saman distriktskontor, er det viktig at rikskringkastinga held fram med å vere nettopp det – ei rikskringkasting, seier Kathrine Nygård, leiar i Kringkastingsringen.

– Det er godt med lovnader om at det ikkje skal kuttast i stillingane ved distriktskontora, men vi ynskjer oss eit skikkeleg ordsifte om NRK og arbeidet i distrikta. Vi treng eit fornya ideologisk grunnlag, og ikkje berre ei praktisk og økonomisk vurdering. Større distriktskontor er diverre ingen garanti for at dialektmangfaldet og nynorsken blir haldne ved like, seier Nygård.

På 70-talet, då NRK vaks seg verkeleg stor, vaks også kravet om at journalistikken skulle desentraliserast. Kringkastingsringen var ein av dei sterkaste pådrivarane for at NRK skulle famne meir enn berre Oslo og dei andre storbyane. På denne måten skulle det bli enklare å halde nynorsken ved lag som eit etablert språk i rikskringkastinga. Dette var ein handfast måte å oppfylle kravet om 25 prosent nynorsk på. Kringkastingsringen meiner at dette perspektivet også må liggje til grunn i dag. Spørsmålet bør vere korleis NRK på best måte kan formidle journalistikk frå distrikta, på nynorsk og dialekt. Det er heilt avgjerande for nynorsken og dialektane at vår statlege rikskringkasting er solid til stades i dei distrikta nynorsk blir nytta som hovudmål. Det er viktig at ei omlegging tek særleg omsyn til dette.

– Med nye fylkesgrenser er det naturleg at det blir gitt nye namn på distriktskontora, men det bør ikkje gå ut over mindre distriktskontor eller spreinga av kontora rundt om i det ganske nynorskland. Utan like stor representasjon av nynorskbrukande journalistar og sjåarar som det er i dag, kan nynorsken blir endå meir truga enn han er i dag. Vi i Kringkastingsringen håpar difor at den nye omlegginga til NRK vil ta stort omsyn til korleis bevare eit reelt språk- og dialektmangfald, seier Nygård.



(Foto: Kathrine Nygård)

På festspel

Kringkastingsringen var invitert til Dei nynorske festspela i sommar. Dagleg leiar **Kjartan Helleve** sat i panel med kringkastings sjef **Thor Gjermund Eriksen** og ansvarleg redaktør **Hanna Relling Berg** i Sunnmørs-posten. Utgangspunktet var mediemeldinga, men det syntet seg relativt fort at alle i grunnen var samde om at det var ei god melding. Helleve understreka at sjølv om NRK aldri har nådd 25 prosent nynorsk, så har prosentatsen vore utruleg viktig. TV 2 og andre kanalar har meir vage formuleringar som gjer målarbeidet mykje vanskelegare. Kringkastings sjefen lova at dei arbeidde hardt med dette i år, og tok opp att at dei ligg godt an med dette arbeidet i 2019. I innleiinga si sa **Per Magnus Finnanger Sandsmark**, direktør i Nynorsk kultursentrum at meldinga var ei utfordring for dei største nynorsk-avisene.

– I meldinga legg ikkje regjeringa fram tiltak som fører til meir nynorsk i riks- og regionavisene. Konsekvensane av politikken kan bli det motsette. Med fleire aviser i støtteordningane, og ei mogleg omfordeling frå Dag og Tid og dei viktige tospråklege avisene som Bergens Tidende, Sunnmørs-posten, Stavanger Aftenblad, Vårt Land, Klassekampen, Dagen, Fiskeribladet og Nationen til eittspråklege aviser, kan stoda for nynorsk i riksmedia bli forverra etter meldinga. Med NRK som ein viktig skriftleg nynorskaktør har nynorskbrukarane på 2000-talet fått meir skriftleg riksstoff på nynorsk enn tidlegare, sjølv om dei til no aldri har nådd 25 prosentkravet. VGTV og TV 2 har òg meir innhald på nynorsk enn før, men det er framleis for lite, sa Sandsmark.

RED.

PRESSEMELDING 2:

Regjeringa må stille språkkrav til HBO og Netflix

– HBO Nordic og Netflix har dei siste åra fått ein heilt unik posisjon i den norske tv- og filmmarknaden. Særleg hjå dei unge har desse strøymekanalane ein svær del av marknaden. Meiner norske styresmakter noko med språk- og kulturpolitikken sin, må regjeringa snart stille strengare krav til desse aktørane, meiner Kathrine Nygård, leiar i Kringkastingsringen.

Strøymetenestene blir møtte med få, om nokon, mottiltak frå norske styresmakter. Selskapa veks med rekordfart på verdsbasis, og norske produsentar har lite å stille opp med. For å demme opp har fleire land i Europa sett krav om at ein viss prosent av det som blir bydd fram, er på nasjonalspråket.

Nygård peikar på at EU i fjor kom med krav om at minst 30 prosent av innhaldet på desse plattformene skulle vere produsert i Europa, og at desse titlane skulle vere godt synlege. Til hausten sender HBO Nordic den første serien dei har produsert i Noreg, som ifylgje Nygård syner at det nyttar å stille krav.

– Både Netflix og HBO Nordic hevdar at det at dei lagar norske seriar, handlar om at Noreg er eit fantastisk land å filme i, men det er påfallande kor positive dei vart etter at dette EU-kravet kom, seier Nygård.

I tillegg til kravet om lokalt innhald, meiner ho at det godt kan kome eit krav om at ein viss del filmane skal tekstast på nynorsk. Det viktigaste tiltaket er likevel å innføre ei strøymeavgift, som ein har gjort i fleire europeiske land.

– Det er avgift på kinofilm og dvd-sal i Noreg. Desse pengane går attende til norske produksjonar. Strøymetenestene distribuerer film og tv-seriar utan noka slik avgift. Det bør regjeringa straks innføre, meiner Nygård.



(Foto: Kathrine Nygård)

Ope møte om Lovleg

I september skipa Kringkastingsringen til ope møte i Oslo: «Kva lærte vi av Lovleg?» Serieskapar **Kjersti Wøien Håland** og hovudrollenehavar **Kristine Ryssdalsnes Horvli** var inviterte til å snakka om vegen frå manus via opptak til framsyning. Eit tjuetals menneske fekk høyra om korleis det var å spela inn serien, korleis responsen var og korleis det var gå rundt i gult tøy heile tida. Håland fortalde at serien skulle ha eit kort namn som sa noko om kva han handla om og at dei hadde vore innoom både “Hybel” og “Foreldrelaus”. Responsen frå salen stadfesta at dei gjorde rett då det ikkje vart sistnemnde framlegg. Men det språkpolitiske høgdepunktet kom i eit innspel frå ei dame lengst bak i rommet:

– Eg tykkjer det var veldig bra at de flytta innspelninga ut frå Oslo og synte fram litt meir av Noreg. Det var ein herleg serie å fylgja med på, det var som ei boble, og det var ei god boble å vera i. Det var godt skrive til å vera på nynorsk, han fenga så veldig at eg ikkje tenkte over det. Meldingane, notata, alt det skriftlege, alt berre flaut forbi utan eg stussa på det med språket. Eg er jo frå Oslo og opplever vanlegvis nynorskseriar som eit slit, men her var det berre ein fin flyt.

Det gjekk eit sukk gjennom salen, og alle forstod at NRK hadde gjort ein tabbe med ikkje å laga ein sesong nummer tre.

Samtalen vart leia på ein framifrå måte av styremedlem **Kari Nygård Tvilde**. Som takk fekk gjestene den nye, og eksklusive kringkastingsringekoppen.

RED.



MED TIGEREN OG BJØRNEN TIL PANAMA

«Du hugsar ikkje tilfeldigvis eit barne-TV-program frå barndommen der dei snakka nynorsk?» Eg bøyer meg over skiljeveggen på jobb, augo mine er festa i ryggen til kollegaen på plassen framfor meg. Han er den tredje personen eg spør den dagen, og håpet på eit fornuftig svar er i ferd med å renne ut. «Hmm, jo, hugsar du ikkje *Med tigreren og bjørnen til Panama*? kjem det lystig frå ryggen som no har snudd seg. «Nei, det minnest eg ikkje», kjem det kontant frå meg.

Saka er den at eg hugsar både den vesle tigreren og den vesle bjørnen. Det er berre det at serien var noko av det mest innbarka kjedelege eg visste om som barn midt på 90-talet. Kvar gong den gylne halvtimen med barne-TV inneheldt ein post med nemnte serie, ja, så var det rett og slett ikkje til å halde ut. Rare teikningar med ei enda rarare røyst som gav stemme til dei to figurane, nei, då var kjel-laren jammen ikkje langt unna.

Eventyrstund med Janosch er ein tysk animert TV-serie som gjekk på Westdeutscher Rundfunk frå 1985 til 1990. Serien er bygd på den tyske barnebokforfattaren Janosch sine forteljingar og består av 26 episodar på 25 minutt kvar. Serien blei sendt på NRK Barne-TV på 1980- og 1990-talet, og

eit søk på det store internettet syner at fleire av bøkene til Janosch har blitt omsette til nynorsk av sjølvaste Haldis Moren Vesaas. Ikkje nok med det, i 2004 kom Samlaget med ei eiga samlebok, med det forlaget på nettsidene beskriv som «Ei tjukk og feit bok med dei beste historiene om tigreren og bjørnen, for første gong samla mellom to permar.» Ok, tenkjer eg, og kryp til korset. Eg finn fram til nærmaste Youtube-side og tastar inn både tigreren og bjørnen og Panama.

Jo da, eg kjenner igjen det som syner seg på skjermen. Teikningane er kanskje ikkje like rare – og stemma! Er det ikkje Hildegun Riise si røyst som leikar seg der inne i headsetet!? Eg ser og ser, og nynorsk hjartet blir både flautt og rørt. Flautt fordi eg ikkje har hatt betre kjennskap til den vesle perla av ein serie, rørt fordi her er så mykje neste-kjærleik, barnleg lykke og flust med forvitenskap – som att på til vert formidla på nynorsk!

Eg nikkar anerkjennande til kollegaen min og takkar han innvendig for tipset, før eg hastar vidare til nærmaste bokhandel. På handlelista står ei samle-bok med seks flotte bøker.

CAMILLA ELISABETHYNDESTAD

KIRAN • KLÆBO • RIVEDAL
 MYKLEBUST • MEYER
 LUNNAN • BRAUSET
 MUNDHEIM • HOVIG • HALS
 ØSTREM • LIE • RISTE
 LOHNE • BREKKEN
 BRUASET • FJØRTOFT
 SØRBØ • VERSTO • BØ
 BRYN • TEIGENE • MANNES
 REE • MOLVÆR • HJELTNES
 ROTEVATN • KALVØ
 BØE • STENVOLD • TEIGE
 SYED • SKIEN • SANDØY
 BERGE • SOLHEIM
 NORHEIM • NRK SUPER
 RIISE • LOGNVIK
 GJENGEDAL

Har du ein kandidat til Kringkastingsprisen 2019?

Kringkastingsprisen er ei utmerking som har vore delt ut kvart år sidan 1978. Han går til ein person i media som utmerkar seg med god språkføring. Prismottakarane har nytta anten nynorsk eller dialekt i det daglege arbeidet.

Har du framlegg til kven som fortener prisen i år? Send det til post@kringkastingringen.no innan **20. oktober**. Legg gjerne med ei lita grunngjeving.

Løysing kryssord 2-19

Me skal ikkje skryta på oss juridisk kompetanse, men det må likevel vera lov for ein liten organisasjon som vår å koma med innspel. Men det er tydelege at det å senda innspel i form av eit løysingsord i eit kryssord ikkje er vegen å gå. Me har nemleg ikkje fått noko respons på dette innspelet. Om ein då ser vekk i frå alle dei rette svara de har sendt inn. Løysinga var altså **BURDE VERA ULOVLEG Å IKKJE LAGA MEIR LOVLEG**. Tre av dei, som i motsetning til lovgjevarane i Stortinget greidde å finna denne løysinga, i var:

Else Marie Sæbø, Måndalen
 Jakob OLimstad, Kviteseid
 Sverre Aga, Rubbestadneset


Dei kan vente seg ei lita merksemd i posten. Me gratulerer!




KRYSS-ORD

EINAR SØREIDE

Send anten heile kryssordet til Kringkastingsringen, Pb. 9161 Grønland, 0134 Oslo eller løysingssetninga til post@kringkastingringen.no og bli med i trekninga av flotte vinstar. Lukke til!



RETUR:
Kringkastingsringen
Pb. 9161 Grønland
0134 Oslo



25 %

